

## Referat frå styremøte VH 4. mars 2024 på Museet

Møtte: Arne Erik Fønhus, Ivar Aars, Jon Bratrud, Tore Hovda, Nils Rogn, Anne Marit Lien Framnes, Torill Grønbrekke, Ingebjørg Moe

### **Sak 5/24 Årboka 2024**

Er omrent ferdig og blir på 208 sider

Nytt trykkeri «Bokstav og Bilde» Betre pris.

Styret i laget og åresmelding for VH skal inn i boka

Årsmeldingane frå lokallaga skal ikkje inn i årboka Dei skal leggast ut på heimesida til VH  
Minneord skal ikkje inn.

Støtteannonser: Tore lagar lister over aktuelle bidragsytarar for støtteannonser.

5 annonser pr side.

### **Sak 6/24 Søknadar om støtte frå Kirkevoll-legatet.**

1.Jørn Hilmestemnet/vAlice Gudheim, søker om støtte til framsyning «Kjørstadrapet» Vedtak :  
Støtte med kr 23000 til framsyninga mot at den skal visast på årsmøtet til Valdres Historielag i år.

2.Oppland bonde og småbrukarlag søker om støtte til ferdigstilling av bureisingsbruk på Maihaugen  
Vedtaket bli å avslå søknaden fordi det står i i statuttane at den delen av arven som er til Valdres  
Historielag skal gå til lokale tiltak i Valdres

### **Sak 7/24 Nye vedtekter for Valdres historielag**

På fellesmøtet for alle historielaga i Valdres den 26. februar , der alle, alle unntatt Øystre Slidre og  
Etnedal var tilstadesl, la leiar Arne Erik fram forslaget til nye vedtekter som deler av styret hadde  
arbeidd med. Mykje positiv tilbakemelding , men konklusjonen vart at alle lokalag må få framlegget  
tilsendt og handsame det i sine lag. Vedtekten skal utfrå tilbakemeldingane frå laga bearbeidast av  
styret, og leggjast fram og vedtakast på årsmøtet i 2025.

### **Sak 8/24 Årsmøtet 2024**

Årsmøtet 2024 blir i Vestre Slidre laurdag 25. mai på Røn gamle skule.

Tanken er først å vitja eit museum på Hjelle , så ein tur til kyrkjeruinene på Fystro , så årsmøtet og  
mat på gamleskulen. Etter ein pause blir det framsyning av «Kjørstadrapet» Ei framsyning knytt til  
Jørn Hilmestemnet med Alice Gudheim som manusforfattar, Cato Skimten Storengen i hovudrolla og  
Henning Andersen som musikalsk leiar

### **Sak 9/24 Sørli legat**

Valdres Historielag skal ha eit nytt medlem i i styret for dette legatet

Nils Rogn seier ja, og blir valt.

### **Sak 10/24 Drøfting av Valdres leksikon**

Ivar Aars arbeider med det han kallar Valdres leksikon. Han spør om dette kan vera eit  
prosjekt for Valdres Historielag. Dette har vore handsama i sak 4 2020, der dei ser på dette  
som eit verdfullt tiltak. Einigkeit om det , men for å gå vidare må vi ha ei kostnadsramme på  
bordet.

### **Sak 11/24 Eventuelt**

Neste styremøte fløtt til 29. april og årsmøtet blir 25.mai